

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Høgtidsmat ved famelifesta Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. 39 Herad: Gyland

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland Gard: Nuland

(adresse): Nuland G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter minne.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det var gamal skikk at gardskonorne og nære skylfolk kom med sengemat til barselkonorne. Det var bare gifte konor som gjekk med den. Har aldri haurt att mannfolk var med. Det var grynegraut i 1890 åra, som var vanleg, men har etterkvart helst gått over til anna mat, t.d ferdig kokt Sjokolade med mat til. Andre har ein presang gjerne eit kleplagg som høver til barnet. Fyrr var det vanleg at den kona som kom med sendinga, fekk mat og kaffi, men nå er det helst så, at når barsølkona har kome på beinan att, så bed ho dei som har vore med sending, saman tik gjestebod. Har aldri haurt at nokon gjekk meir enn ei gong for kvart barn, Grauten hadde dei helst i steinfat. Den var kokt av rissengryn.

Skiftet på mat har kome dei siste 20-30 åra
Dåpskallas~~tt~~ heitte Barsøl, og gjer det gjerne endå,
men sume brukar ordet, Barsedåp,

B. Fødseldagen.

Det fyrste eg minnest, i 1890 åra, gjekk geburtsdagen nokså upåagta burt, Det kunne henda at dei gratulerte ein på åremålsdagen, men ellers gjorde dei lite av det. Nå har det teke til meir, helst med småborna, dei kjem saman og har eit måltid og får gjerne små presanger av sine små vener. Vert folk eldre 60-70 år, så hender det dei gjer gjestebod, og er dei folk som har kome seg fram litt, eller vorte kjend som fyregongsman på eit eller anna område, så kjem det gjerne i bladi og han gjer då gjestebod. Men midaldra folk kjem helst over slike åremålsdagar svert ubemerka.

Nokon serleg rett veit eg ikkje om, at dei har eit lys for kvart år i kaka, er noke nytt som ikkje han vorte brukt her.

C. Konfirmasjon.

2.

Eg minnet atende i 1890 åra, og då var det ikkje vanleg med store konfirmasjonselskaper. Det var bare som en høgtidsdag for sjølve huslyden, der dei hadde gjestebodsmatt til husets folk. Det var lite tale om presangar. Det kunne henda at konfôrmanten fekk salmebok, paraply eller eit eller anna kleplagg av slektningar, eller far og mor, liksom dei fekk nye kleder og sko til den dagen.

Men det har utvikla seg til ein større fesst, med fine kvite kjolar for gjentene, og masse konfôrmasjonskort, stort selskap, med fleire gjester. Det vilde vera bra om ein nå snart kunne forenkla konfirmasjonselskapet.

At nokon ber presten og læraren er sakti vanleg, men han kan kje vera meir enn ein stad, så om det er fleire i krimsen så er dei fleste utan desse personar. Det er næraste skyldfolka som vert bedne, og undantak gode kammerater.

Nokon sending i mat har dei vanlegvis ikkje med seg, men antan gåvor i pengar eller bruksting. Det er helst dei siste 20 år selskapia har teke dimensjonar.

D. Bryllup

I 1890 åra då det blei lyst 3. gonger for kvart par, då var det vanleg å halda festarøl, eigong hjå Brudgommen og ei hjå brura sine foreldre. Kva mat dei hadde veit eg ikkje anna enn at det var vanleg gjestebodmat, og at der vart traktert med øl og dram, men at det var utan sending for dei som var bedne.

Eg minnest brudauper som vara 2 på 3 die dagen. Maten var: Lepsa var liksom hovudretten, og folk hadde senning med seg av klint lepsa, Det ^{var} gjort slik, av kona bløyte lepsa passande med ein våt klut, så når ho var passande mjuk, så tok ho med fingrane i smøret, som skulde vera nykjerne og mjukt til å klina, hadde på noke smør utover lepsa, la den så dubbel, og klinte så eit breid bord med smår kring ranna, og la dei i hop i fjordunger og slik blei dei lagt fram på bordet, på store trefat eller steintyfot. Nå er det vanleg, at lepsa vert klint og lagt i firkanta molar. Dei strør også smått sukker på nå, det gjeorde dei nokk ikkje i gamle dagar.

Brudlaupet tok helst til om kvelden fyre den dagen dei skulde vigslast. Då kom framandfolket, som hadde litt veg å gå. Grenderne kom ikkje fyrr om morgonen. Det var nå gromt å skjekkja dei etterkvart dei kom, og ynskja dei vekome. Så var det vanleg turr mat, med lepsa, stomp og rosinka, med kaffi og øl atåt. Når så folk kom fram på morgonen så skulde dei til bords fyrr etterkvart, Men fyrst

då det leid på tida at ein skulde dra til kyrkja, når brur og brudgom var pynta og komen i høgsete, då skulde gjestane setja seg tilbords, med rang etter skyldskapen. Dei bytte hels konor, foreldri til brudfolket, og eller om det var andre som egtefolk var, mens det nå er vanleg at mann og kona fylgjest.

Så lenge det var skikk å ha spelemann i brudlauperne så var han på plassen når folket kom og tok imot dei med felespel, og han fylgde på marsen til og frå kyrkja og gjekk fyre og spela, vende seg av og til mot brufolket og gjekk baklens og spela, serleg når dei for framom gardar, og når dei kom fram til kyrkja, så stod spelemannen utanfor og venta til dei kom ut etter vigsla. Heimkomen frå kyrkja var det middagsmat, med kjøttsuppa, og hadde dei lang veg til kyrkja, måtte dei inn på ein lageleg plass og få seg mat. Var det skyldfolk som budde så til, at dei for framom, så var det god kotyme, å beda heile brudlaupsfolket inn på mysa og dravle med tvebakk i og så dram sjølsakt. Når så alle hadde fenge seg mat og kome til ro etter kyrkjereisa, så tok ungdomen til med dansing og leik, og i eldre tid, når brudlaupet varde i fleire dagar, så mora dei seg også med stevjing o.l. Dei seinste som heldt oppe stevjung, skulde vera på garden Fosdal i Gyland, men det blei slutt for 70-80 år sidan. og det var ei regla millom folk: Å dikta vise å ræba lort dæ he dei alltid på Fåsdal gjort.....

Ut over natta skulde det vera fisk og jorepler til notemat, det var vel helst for å bli tyrste, så dei kunne drikka meir øl...

Når det leid til slutten, skulde dei få bruregrauten. Då gjekk ungdomane kring på nermaste gardane og tigga etter søt mjølk, og det var vanleg at alle gav mjølk etter evne. når så folket hadde fenge bruregrauten, måtte dei

tenkja på heimreisa. Dei hadde gjerne nokre høge systerkaker ståande på bordet som pynt, nå blei dei sundskorne og stykkje med kaker og anna av sendingmaten blei lagdv i sendingkorga, og teken med heim til dei som heime sat, så dei skulde få kjenna prøver på brudlaupsmaten.

Matmora i det huset brudlaupet var, hadde helst ansvaret for at det blei mat nokk og at det vart traktert på rette måten, og send smakbiter heimatt. Sisste gong folk var tilbords skulde granarne sitja i høgsetet og nermaste brudfolket etter aldere. Dei hermer etter gamle folk, at det var merkje på, at dei var rekna for gamle, når dei kom høgt opp sisste måltidet i veitsla. Dei hadde store tinfat og trefat med gumme på. Dei koka mjølka fyrst til dravle og sidan lenger

80
53
20

4

til dravlen blei brun,då heitte den gumme.Den blei varigare og surne ikkje så snart som søtosten om sumaren.Det var vanleg å ha smøret i treambrar som var utkrota i loket,helst med alm. karveskur..Sendingen kallast senning,noke anna namn har eg ikkje haurt her.Det var dei vaksne som bar den fram,men det var liksom kona i huset som hadde ansvaret og fekk æra for det, som var ære vert,og lastord for det som var mindre bra. Det er forteld om store brudlauper for over loo år sidan.Det var eit brudlap i 1803,då Per Svehson Nedland gifta seg.Det varte ei heil vika,og dei hadde 12 tunnor malt og mykje brennevin,Han blei seinare den fyrste ordf.i Gyland, og var med og gjorde vedtak i det fyrste møtet i formannskapet 1838, at det til Bryllupper og Ligbegjengelser i det kõiiste skulde være 1.tønde malt og 12.potter brendevin,til hver især,hvilket de anså for at være passende og til nødtørftighed,men at det skulde være en mulkt på lo spd, for dem som overtrådte denne bestemmelse,hvoraf de 5,skulde gå til fatigkassen og 5, til den som anmeldte forseelsen....

Det var nokså vanleig at brudlauperne varte 2.dagar fram til 1920 år,a men har nå skrumpa inn til ein ettermiddag og natt. Sume held brudlaup på Hotel,men det vanlige er i heimen av brura.Det hende dei går til byen og vier seg,eller på prestens kontor,visst det er slike små brudlaup,men eit rikti brudlaup, slik som folk tykkjer det bør vera,er i heimen av ein av brudeparret,og vigsla er i heimekyrkja.

Det er ikkje skikk å halda fesst på årsdagen for brudlaupet Det kjem lite på tale fyr det vert sylvbrudlaup,men mange let det gå av seg utan noko sers tilstelling. Det har ikkje vore skikk å bruka bedemenn her.Det er brudeparret sjøl som ber kvar sine.Det aller siste, er det skikk å senda kort til gjesterne, frå dei som gjery brudlaupet, t.d. brura sine foreldre. Det mest slutt med å ha alkohol drikka i brudlauper nå,men det var vanleg med heimebryggha øl til over hundreårskiftet.Det fyrste brudlaupet utan alkehol, var mitt brudlaup i 1915.

E. Gravøl,

Grannelaget skulde bedast til gravøl,som her kallast: Likferd. Likeså skulde ein beda næraste skyldfolka.

Det var vanleg å ha med senning, lepsa og eit spann søt mjølk til grauten.Veitsla var ikkje meir enn ein dag. Folk møtte fram på fyremiddagen og fekk ei målte fyrr ein reiste med liket og sidan heldt dei på utover kvelden Skyldfolk som hadde noke lang veg,kom helst kvelden fyre og var til dagen etter.Har ikkje haurt noke om at sendinga skulde pakkast på sers måte til likferd.Fol bryggja heimeøl og hadde dram og,men i mindre målestokk enn til brudlauper. Ein eldre mann fortalde frå 1880 åra.Då hadde dei husbond

5.

5. som hadde ord for å vera sers skikka til det. Han kom

da og overtok styret med veltala frå kvelde fyre. Så gjekk han kring på garden med ei flaske brennevin og kjeks, og skjenkte små og store ein dram og gav dei kjeks eller

trebak atåt, tidleg fyrr det kom fram til huset der lik-ferda skulde vera. Måltidene var vel helst som i brudlaup og folk bar med seg sending til over 1900, men så blei det skikk, at det skulde vera kostelaus, folk sa då ifrå om det, når dei bad til likferds, at det skulde vera utan sending. Nå ventarv ein ikkje sending av grendene, men dei nærast skyldfolk hev gjerne med seg ei kringla eller blautkaka. I dei gamle likferder, var kista svart og utan kransear, men dei sette 2. lys på loket når dei song for liket.

Kjøkemesttar heldt gjerne ein tale og så song dei . Det var vanleg at alle skulde ha høve til å sjå liket, men når dei spikra på loket, og bar ut kista, skulde dei synge slike salmevers som hadde vore vanleg frå gammal tid. Dei arbeidde kistone sjøl heima til kring 1920, sidan er den blitt vanleg å bruka kvite kister og kjøpa dei ferdig i byen. Det er vanleg at dei som vil sjå liket, kan gå i høve til dey, men fyre talen. Nå har dei fresten med i huset, og hand held sin tale, og dei som ynskjer det, får høve til å leggja på kransear og seia veltars ord.

Forskjell på maten, antan avlidne var gift eller ikkje, har eg aldri hørt tale om, men er det småborn som er døde, gjfer dei mindre av det. Er det ein vurd mann eller kvinna, vert det gjort meir av det og folk møter nå fram og fylgjer slike ubedne. Øldrikkinga held seg omlag like lenge ved gravøl, som ellers, men det var i mindre salsstokk, Nå er det kaffien som erstattar ølet, Det er lenge sidan det var dram i likferd. Veltala vert helst halden i heime, men det hender, at ein har dei på lokaler som Bedehus eller skulehus.

til etter 1900,

F. Nye fester.

Den fyrste 17 mai festen me veit om, vart halden i Gylland i 1897. Det var nokre unge lærarar og ein srsjant O. J. Hegglund, som fekk den tverrk. Det var sett opp flagg, og borna hadde idrots lekkar, med kapsprang o. l. Lærarane heldt taler for dagen og ungdomen hadde moro burtover kvelden. Sidan var det gjerne festar som ungdoms laget fekk i stand, men det var vondt å samla alle, då den vakarne ungdom gjerne reiste til Flækkerfjord, der dei feira dagen i større målestokk. Etter treden i 1945, blei det meir skikk på det.

6.

Heradstyret har nå kvart år nemnd opp ei 17 mainemnd, og løyvd litt pengar til premiar, o.l.

Me samlast då i kyrkja kl.11.eller 12, og der vert tala av presten eller andre,Kyrkja er vent pryda med grønt og flagg,og serleg borna er gott representert.Så har alle lærarane ordne seg med skuleborna og kring privisoriske faner,er dei ein viktig del av toget,som vert sett opp frå kyrkja og oover til heradshuset Fredheim,I toget er heradstyret,Bondekvinnelaget,Husmorlaget og andre lag med og dei små har sine flagg, og så har me dei siste år fått tak i musikkor,frå byen,som har liva opp under marsen. Så har dagen gått med ymse småleikar og idrotstevlingar, som handball millom heradstyret og Bondekvinnelaget o.l. kapriding på hest,skyting o.l.Så folkefest om kvelden,med gode talar og morosame innslag.Dertil kjem,at dei vaksne har teke seg fri og vore med og får då høve til å prata saman med andre kjenningar av bygdefolket,og det er svert nyttig,så det kan jamna ut misforståelser og partistrid om andre ting innan bygda, idet at alle kan møtast i å feira fedralandet dag,på ein måte som ligg over all anan mindre partistrid.Morsdagen vert bare feira innan heimen,slik,at borna den dagen tek over sumt av arbeidet for husmora,og gjer liyt stas av det for henne.Æen det er nokså individuellt for mange gjeng det uendsa forbi.Farsdagen er det ingen, som gjer stas på,det eg veit.

Nr.40.

24 askeut. Om kvæe er det ikkje noke å fortelja,eg kjenner ikkje til at nokon har bruka den til tygging sån at det er vorte vane. Har nok sett at gutar~~XÅ~~rhar togge kvæe,sån litt for moro, men ikkje slik at det er noke å skriva om.